



Egil Pile slo igjennom som filmskodespelar saman med flinke barn.

Som ein del av Festidagen har 13 filminteresserte deltek på kurs i videoproduksjon. Merethe Offerdal Tveit har vore instruktør. Torsdag vart 4 timar brukt til filmopptak, og i dag har dei hatt ei liknande økt som har vorte brukt til redigering. Resultatet vart vist for forldre og andre interesserte i skulen i ettermiddag.



[Merethe O. Tveit styrer kamera.](#)

Før framsyninga fortalde instruktøren dei 58 frammøtte litt om arbeidet.

- Eg lanserte kort ein enkel idè for deltakarane. Ein artig kar som heiter Oddvar skulle ha ei sentral rolle i filmen, og eg hadde med kostyme som skulle brukast. Resten skulle ungane bestemma, og det var ikkje noko problem. Dei hadde jo 10.000 idèar, sa ho før filmen vart sett i gang! Det var tydeleg at idèane må har vore gode, og dei hadde sortert godt i dei.

Då filmen vart sett i gang, fekk publikum verkeleg nokre artige minuttar. Det svinga mellom lett humring og høglytt latter frå publikum. Ungane gjorde framfrå skodespelarprestasjonar. Imponerte gjorde også einaste vaksne aktør, Egil Pile, i rolla som Oddvar. Han har skjult talentet for lenge, men det bør ikkje verta lenge før han vågar seg ut på dei skrå bredder att.



Frå innspelinga.

Musikken til videoen var Festidalen-aktuelle Fjorden Baby! sin låt Tingene. Merethe Offerdal Tveit sa og at filmen ikkje var heilt ferdig. Det mangla litt på redigering og effektar. Når det var klart, kunne ho tenkje seg å legge den ut på You Tube om det var greitt for foreldra. Det bør bli ein slagar!!



Filmskaparane samla på campingplassen.

Tekst: Thor Inge Døssland
Foto: Tom Bråthen/Festidalen.